

## **Trio friidrett sin Opp og Fram-pris!**

Friidrettsgruppa i IL Trio har oppretta eit fond for å stimulere ungdomar til å halde fram med aktiv friidrett og søke å kontinuerleg forbetre eigne prestasjonar.

Fondet er oppretta for utøvarar i alderen 12-18 år i det aktuelle året. Det er totalt sett av eit fond på 12.000 kr og det delast ut ein sum på 2.000 kr kvar gong, to gonger i året. Mottakar står fritt til å bruke midlane på kva ein vil, men det oppmodast til å bruke på noko tilknytta idretten, til dømes treningsutstyr.

Fondet er oppretta frå 1.januar 2024 og vil i første omgang vare i 3 år (sesongane 2024, 2025 og 2026). Første utdeling blir dermed 30.juni 2024. Det vert utdelt to gonger i året (30.juni og 31.desember) og honorerer den utøvaren som i perioden har **forbetra sin personlege rekord i ei øving mest**. Med dette er det altså ikkje nødvendigvis den beste utøvaren som blir premiert, men den som forbetrar seg sjølv/ein prestasjon mest.

Forbetringa bereknast etter poengscore utmålt av Tyrvingtabellen. Slik blir score berekna ut i frå gjeldande føringar for den einskilde øving i kvar aldersklasse, og tek altså slik omsyn til endring i vekt på kastreiskap, høgde på hekkar etc.

*Døme: Bjarne kastar som 13-åring kule på 3 kg 7,00 meter, noko som gjev 382 poeng. Året etter kastar han kule på 4 kg 6,90 meter, noko som gjev 391 poeng. Forbetringa er då 9 poeng.*

Kun øvingar som bereknast i Tyrvingtabellen i ulike årsklassar er med i vurderinga.

Ein utøvar må ha eit registrert resultat (høgare enn 0 poeng på tabellen) i øvinga ved inngang og utgang av perioden. Har ein altså ikkje eit resultat i øvinga ved start av perioden (eller ikkje godt nok resultat til å samle poeng på Tyrvingtabellen), får ein ikkje ei berekna forbetring i denne vurderinga.

Viss fleire utøvarar har lik poengmessig forbetring i ein periode, delast summen på dei aktuelle utøvarane.

Kun betalande Triomedlemmar som fyller frå 12-18 år i utdelingsåret kan honorerast med Opp og Fram-prisen.

Ein utøvar kan ikkje bli tildelt prisen to gonger på rad.

06.01.2024, styret i IL Trio friidrett